

Dato: 18.05.2015
Arkiv: 033

15

Kontrollutvalet

SAK 15/15 RAPPORT FRÅ ORIENTERINGSBESØK VED KULATOPPEN OMSORGSSENTER

Vedlegg:

Rapport frå orienteringsbesøk ved Kulatoppen omsorgssenter

Saksopplysningar

I samband med utvalet sitt møte den 03.03.2015

For meir og detaljert informasjon visast det til rapporten.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek til vitende rapport frå orienteringsbesøk ved Kulatoppen omsorgssenter 03.03.2015.

Jostein Støylen
Dagleg leiar

Ida Birgitte Marholm
Sekretær

**Kontrollutvalet i Vågsøy
kommune**

**Rapport
frå orienteringsbesøk ved
Kulatoppen omsorgssenter
3. mars 2015**

INNHALD

INNLEIING	3
Bakgrunn	3
Målsetting	3
Gjennomføring	3
OPPLYSNINGAR OM OMSORGSSENTERET	4-8
Kulatoppen institusjon	4-5
Heimeteneste fastlandet	6-8
KONTROLLUTVALET SINE KOMMENTARAR	9-19
Utgangspunkt for kontrollutvalet sine vurderingar	8
Bygg/vedlikehald/reinhald	8
Brannvern	8
Uteområde	9
Skilting	10
Vaktmestertenesta	10
Oppsummering/konklusjon	10
Avslutning	10
Bilde	11-19

INNLEIING

BAKGRUNN

Kontrollutvalet si hovudoppgåve er i følgje kommunelova § 77 å føre tilsyn med forvaltninga i kommunen på vegne av kommunestyret.

Kontrollutvalet nyttar primært kommunerevisjonen til å *utføre* prioriterte kontrollhandlingar, men kan i tillegg utøve sjølvstendige tilsynsfunksjonar, som til dømes orienteringsbesøk hos tenesteprodusentane i kommunen.

MÅLSETTING

Føremålet med orienteringsbesøk er å gi kontrollutvalet oversikt over det kommunen forvaltar og som kontrollutvalet skal føre tilsyn med, slik at kontrollutvalet har grunnlag for å vurdere om drifta skjer i samsvar med gjeldande reglar, vedtak og intensjonar.

GJENNOMFØRING

Orienteringsbesøket vart gjennomført 3. mars 2015, og følgjande personar var til stades:

Frå omsorgssenteret:	Margreet Maijer (ansvar for sjukeheimsdelen (6 tun med 43 rom) Jonna Grønstrand (ansvar for omsorgsboliger i 1. etasje -3 tun og heimetjeneste fastlandet, samt nattevakter)
Frå kontrollutvalet:	Jorunn Sandal, leiar Jetmund Nyvang, nestleiar Sverre Solibakke, medlem Inge Hammersvik, vara
Vest kontroll:	Jostein Støylen Ida Birgitte Marholm
Kommunerevisjonen i Nordfjord:	Torill Monsen

Margreet Maijer (omsorgssenter og sjukeheim) og Jonna Grønstrand (heimeteneste fastlandet) orienterte og svarte på spørsmål, også i samband med omvising inne på omsorgssenteret.

Kontrollutvalet gjere merksam på at dei ikkje er faginstans/fagfolk på områda som er omtala i rapporten. Rapporten omtalar det utvalet har registrert på sitt besøk, samt fått greie på ved intervju/samtale med Maijer og Grønstrand, samt årsmeldinga for 2014.

Frå kontrollutvalet er det ikkje fokusert på økonomiske tilhøve.

OPPLYSNINGAR OM OMSORGSSENTERET

(Innhenta (saksa) frå årsmeldinga 2014 og gitte opplysningar.)

«Rammeområdet PRO er inndelt i tre ansvarsområder: område Fastlandet, område Vågsøy og Kulatoppen institusjon.

Her vert omtala Kulatoppen institusjon og område Fastlandet (i det vesentlege det som ligg/tilhøyrar på Kulatoppen – ein har ikkje vore på Bryggja omsorgssenter og omsorgsbustader på Bryggja).

Kulatoppen institusjon:

Kulatoppen institusjon har 43 bustader fordelt over 6 tun. Kulatoppen Institusjon har 2 gruppeledarar. Området institusjon omfattar også sentralkjøkkenet i Vågsøy omsorgssenter, 6 kokker og 1 kjøkkensjef.

Kulatoppen institusjon har 43 bueiningar fordelt over 6 tun. Kulatoppen Institusjon omfattar også nattevaktene på Kulatoppen omsorgssenter, **vaskeri** og **sentralkjøkkenet**.

Handlingsprogram

Vågsøy kommune har valgt å satse på en modell som innebærer færre institusjonsplasser og flere omsorgsboliger.

Tanken er at brukerne skal kunne bo hjemme eller i omsorgsboliger så lenge de lever, med hjelp fra heimetjenesten.

Langtidsplassene på institusjon er for de mest pleie- og omsorgstrengende i kommunen. I tillegg gis her tilbud til personer som har behov for korttidsopphold, avlastningsopphold eller rehabiliteringsopphold for å kunne klare seg hjemme lenger.

Det er nødvendig at institusjonen har nok personell til å utføre en forsvarlig tjeneste.

Personale

Alderssamansetting

	Ufaglært Årsverk	Faglært årsverk	Ufaglært antall	Faglært antall
58-62	0,23	4,65	1	5
63-67	3,36	2,3	5	3
>67				

Kompetanse

3660	2012 antall	2012 årsverk	2013 antall	2013 årsverk	2014 antall	2014 årsverk
Leder kap. 3,4	1	1	1	1	1	1
Høgskule	12	9,37	8	7,52	9	7,4

Faglærte	43	33,66	37	27,15	31	26,57
Ufaglærte	32	8,27	34	11,01	36	10,81
Sum ansvarsområde	88	51,3	80	46,68	77	45,78

Kommentar til tabellen:

- ✓ Nattevakter, 5,6 årsverk, 1,9 sykepleiere, 3,7 hjelpepleiere, som ble overført til 3610 i februar 2014 er ikke med i tabellen.
- ✓ Vaskeri, med 2 ansatte ble i 2013 overført til eiendomsavdeling.
- ✓ Ikkje inkludert hovedtillitsvalgt
- ✓ Inkludert kjøkken 3668.

Fråvær

Fråvær i % for ansvarsområde	2014					2013	2012	2011
	1.kv	2.kv	3.kv	4.kv	Samla			
≤ 16 dagar	1,8	1,7	2,1	1,8	1,8	2,3	1,9	12,0
≥ 16 dagar	11,6	12,5	5,7	11,2	11,6	9,3	11,4	10,9
	13,4	14,1	7,8	13,0	13,4	11,6	13,3	12,9

Kommentar til tabellen:

- ✓ Utviklinga gjennom 2014: Korttids-fråvær ligg på same nivå heile året.
- ✓ Utviklingen 2008 – 2013: Det totale fraværet har vært økende. I 2013 er langtidsfravær mykje lågare enn før, men i 2014 hadde det økt til over 13 % igjen.
- ✓ Kor mykje /kva som er arbeidsplass relatert fråvær:
Mykje av fraværet skyldes antagelig muskel-skjelettplager.
Arbeid på institusjon/kjøkkenet er belastende for muskler og skjelettet. For å forhindre plager er det opplæring av forflytningsteknikk ved fysio- og ergoterapeut og forflytningskontakter. BHT har gitt opplæring i løfteteknikk på kjøkkenet og har vurdert arbeidsplassen. Gruppeledere har vært på diverse kurs fra NAV i forhold til (gradert) sykmelding.
En del av fraværet skyldes svangerskap.

Vikarbruk og annen organisering ved fravær:

Grunnbemanningen er så lav at det må leie inn vikarer ved alt fravær.

Stillingsstørrelse og deltid:

Det ble gjennomført en kartlegging av uønsket deltid i 2011. Fleire ansatte har eit ønske om økt stilling. Stillingen til fagpersoner har blitt økt til 80 % der dette har vært ønskelig og mulig. Behov for helgearbeid gjer det vanskelig å øke stillingane ytterlig.

Rekruttering:

På institusjon er det i 2014, 14 ansatte som er 58 eller mer. Det betyr at nesten 11 årsverk skal erstattes dei nærmeste åra. Det ble startet tiltak for meir koordinert rekruttering av fagpersoner i 2012. Det har vært kontakt med KS rekrutteringskoordinator. I februar 2013 ble det startet en helsefagutdanning i kommunen, i regi av kompetansesenteret for Aldring og Helse, med 27 deltakere. Vi har og en rekrutteringspatrolje.

Det er behov for ansettelse av lærlinger, både TAF og helse-oppvekst, og tilrettelegging av praksisplassar for praktikanter.

Rekruttering krever langsiktig tenkning og medfører kostnader, i forhold til lærlinger, praktikanter og utdanning av ansatte, som bare på lengre sikt vil gi gevinst. Å unnlate å investere i lærlinger, praktikanter og utdanning av ansatte vil på lengre sikt føre til stor mangel på fagpersoner som vil være svært vanskelig å løse.

Kapasitet

Kapasiteten på korttids/rehabiliteringsavdelinga vurderas kontinuerlig. I 2013 var det mindre behov, men i 2014 har overbelegget vore så stort at vi ikkje alltid har kunne tatt imot utskrivningsklare pasienter. Område Vågsøy har betalt for liggedøgn til Helse Førde. Overbelegg medfører press på avdelinga, både i forhold til areal og bemanning og kompetanse. Pasientanes opplevelse av opphaldet blir også påverka.

Fastlandet heimeteneste:

Kulatoppen omsorgssenter inneheld også administrasjonen av Fastlandet heimeteneste:

Område Fastlandet yter heimetenester og har totalt 40 omsorgsbustadar med bemanning tilgjengeleg (24 på Kulatoppen omsorgssenter (KOS) og 16 på Bryggja omsorgssenter (BOS)) og 6 omsorgsbustadar på Bryggja. Hovudtyngda av ressursane på området vert brukt oppimot bebuarane på omsorgssentra. På området er det tre gruppeleiarar med ansvar for 1. område Fastlandet Kulatoppen, 2. område Fastlandet Bryggja og 3. område Fastlandet team. Frå 03.02.14 har gruppeleiar for team også ansvar for nattevaktene på Kulatoppen (overført frå institusjon)

Område Fastlandet har idag:

- fire ressurskrevjande brukarar (får fastlønstilskot for tre brukarar i 2014)
- to brukarar med brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
- 20 % RS-stilling
- 20 % demenskoordinator

I tillegg har tenesteleiar for Område Fastlandet personalansvar for fagteamet i helse og omsorg, mens budsjettansvaret framleis ligg på ansvar 3450 Område Vågsøy.

Handlingsprogram

Same som for Kulatoppen institusjon.

Personale:

Oversikt over personale, alderssamansetjing og kjønnsfordeling (pr.15.04.2015)

3610 ansvarsområde	Tal årsverk			Tal personar			Tal menn			Tal kvinner		
	2012	2013	2014	2012	2013	2014	2012	2013	2014	2012	2013	2014
< 30	11,6	11,7	10,3	25	21	21	2	2	2	23	19	19
30-40	8,4	9,6	10,8	15	15	16	2	0	1	13	15	15
41-57	20,7	20,4	21	29	29	29	5	5	5	24	24	24
58-62	5,1	6,0	4,4	8	9	7	1	1	0	7	8	7
63-65	1,4	1,4	1,8	2	2	3	0	0	0	2	2	3
66-67	0,5	0	0,9	1	0	1	0	0	0	1	0	1
>67	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum ansvarsområde	47,7	49,1	49,2	80	76	77	10	8	8	70	68	69

Kommentar til tabellen:

- ✓ 11 personar – 7,1 årsverk - er 58+ år. Av dette er 5 helsefagarbeidarar og 1 sjukepleiar – totalt 5,3 årsverk.

Kompetanse

3610 ansvarsområde	Antall årsverk			Antall stillingar		
	2012	2013	2014	2012	2013	2014
Leder kap. 3.4	1	1	1	1	1	1
Høgskule	12	12,8	12,5	14	16	14
Faglærte	16,8	21	23,5	19	29	33
Ufaglært	18,9	14,3	12,2	46	30	29

Sum ansvarsområde	47,7	49,1	49,2	78	76	77
-------------------	------	------	------	----	----	----

Kommentar til tabellen:

- ✓ Andelen fagpersonar på Område Fastlandet har auka frå 70 % i 2013 til 75 % i 2014.

Fråvær

Sjukefråvær

	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	Samla
2009	17,1	13,9	14,2	12,9	14,9
2010	11,4	10,0	4,2	11,1	8,2
2011	13,1	9,7	5,7	6,7	8,9
2012	10,6	7,1	8,4	10,1	9,1
2013	9,4	9,8	5,5	6,5	9,4
2014	9,5	14,6	14,3	12	12,7

Sjukefråværet er gått opp frå åra 2013 til 2014. Det er tett oppfølging ved sjukefråvær og stort fokus på tilrettelegging av arbeid. Det har tidlegare vist seg at god arbeidsfordeling har ein positiv påverknad på arbeidsmiljø. Men det har vore stort arbeidspress over tid på begge heimetenestebasane.. Det er kontinuerleg fokus på å ha ein jamn fordeling av arbeidsoppgåver mellom tilsette og dei ulike faggruppene.

Noko fråvær knytta til kroniske sjukdomar, og noko fråvær knytta til stort arbeidspress.

Vikarbruk og anna organisering ved fråvær:

Det er i lange perioder vore vanskar med å få inn vikarar, spesielt med fagkompetanse. Ein har brukt vikarbyrå i 2014.

Stillingsstorleik og deltid:

Dei fleste tilsette med fagkompetanse har den stillingsprosenten dei ynskjer. Då det er same tal personar på vakt på helg som i veka er ein avhengig av fleire små helgestillingar. Det er mest ufaglærte som er tilsett i helgestillingar.

Rekruttering:

På området er det 11 tilsette som er over 58 år (7,1 årsverk). 6 av desse er fagutdanna (5,3 årsverk). Det er på Område Fastlandet tilsett fleire årsverk enn det er behov for i bemanningsplanen. Dette for å unngå at ein står utan fagpersonar når det er fråvær. Fleire av dei tilsette på Område Fastlandet er under utdanning til helsefagarbeidar og vil ta fagprøve i løpet av dei næraste åra.

Andre opplysningar

Sentralkjøkkenet laga i 2014 over 50.000 middager

Andre funksjonar

På Kulatoppen omsorgssenter er det også legekantor, tannlege, frisørsalong,

KONTROLLUTVALET SINE KOMMENTARAR

UTGANGSPUNKT FOR KONTROLLUTVALET SINE VURDERINGAR

Etter kommunelova § 76 har kommunestyret det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga. Kommunelova § 77 seier at kontrollutvalet skal gjere det løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på sine vegne.

Meir presisering av kontrollutvalet sitt arbeid finn ein i forskrift om kontrollutval, som er fastsett av Kommunal og regionaldepartementet.

På grunnlag av det gjennomførte orienteringsbesøket ved omsorgssenteret, har kontrollutvalet merka seg følgjande:

BYGG/VEDLIKEHALD/REINHALD

- Bygget er ca. 10 år, så ikkje omfattande vedlikehald til no.
- Utvendig kledning er slik at det krevst løpande vedlikehald.

OPPVARMING/VENTILASJON

- Kan justere kvart enkelt rom + lause ovnar
- Røyk frå oljefyren i bygget når den vert brukt (sjeldan brukt)
- Held på å montere byggje varmpumpeopplegg (borehol)
- Ventilasjonsanlegget virkar tilfredsstillande

BRANNVERN

- Brannøving 1 gong i året
- Brannrunde 2 gonger i året
- Ikkje branntilsyn kvart år
- Vaktmeister sjekkar løpande
- Brannceller og brukarvarsling kopla opp mot brannsentralen i Florø.

UTEOMRÅDE

- Pent opparbeida og ryddig

SKILTING

- Bra skilting, både utvendig og innvendig.
- Rømingvegar skilta
- Skilt for brannslukking var godt merka

VAKTMEISTERTENESTA

- 6 vaktmeistrar rullerar på tenesta
- Kjem om akutt
- Godt samarbeid, men er forbetningspotensiale på ordninga

- Småting vert utsett, til litt irritasjon

OPPSUMMERING/KONKLUSJON

- For kontrollutvalet ser det ut som om Kulttoppen institusjon vert driven på ein god måte ut frå føresetnadane.
- Kontrollutvalet rår til at vaktmestertenesta ordnar småting etter kvart
- Løpande vedlikehald er viktig, både utvendig og innvendig for å unngå forfall

AVSLUTNING

- Kontrollutvalet takkar omsorgssenteret for vi fekk kome, orienteringa både den munnlege og skriftlige, samt for omvisinga
- Kontrollutvalet viser til bilda som vart tekne i samband med orienteringa

Deknepollen 03.03.2015 / 26.05.2015

Jorunn Sandal
leiar

Jetmund Nyvang
nestleiar

Sverre Solibakke
medlem

Inge Hammersvik
vara

Jostein Støylen
Dagleg leiar Vest kontroll







Margreet Maijer (omsorgssenter og sjukeheim) og Jonna Grønstrand (heimeteneste fastlandet)



Trimrom







Fellesområde

2.etg.	A	Fjordtunet
	B	Aktivitetstunet
	C	Tiriltunet
	D	Klettatunet
	D	Ivatunet
		Fysioterapi
		Lege / tannlege
		Vaktrom sjukeheim
1.etg.	A	Soltunet
	B	Lyngtunet
	C	Symretunet
	D	Lerketunet
		Administrasjon område fastlandet
		Kantine
	Vaktrom heimeteneste	
U.etg.		Kapell





Kapell